

Digte

Lyrikken vender tilbake

☛ Da diktet «Fandango» vart lese høgt i Studentersamfundet hausten 1890, vekte det stor begeistring hos tilhøyrarane. Her kom det noko heilt anna enn den samfunns- og problemorienterte prosalitteraturen som hadde dominert dei førre to tiåra. Forfattaren var ein nitten år gammal student, Vilhelm Krag. «Fandango» blir rekna som eitt av dei to programdikta som innleidde den nyromantiske perioden. Det andre diktet er «Jeg ser» (1893) av Sigbjørn Obstfelder.



☞ Vilhelm Krag (1871–1933) skreiv nokre nyromantiske diktsamlingar, men vart etter kvart meir og meir oppteken av heimstaddikting. Han var fødd og oppvaksen på Sørlandet, og i mange av tekstane skildra han naturen og folket i landsdelen.

☞ I dag er Krag mest kjend for dei muntre sørlandsvisene, og mange komponister har skrevet melodier til dikta hans. Andre kjende verk er folkekomedien *Baldevins bryllup* og *Min barndoms have*, ei varm forteljing om barndom og oppvekst. Gjennom dei muntre forteljingane om Morten og Silius har han skildra folket og naturen på Sørlandet. Men skildringane til Krag var ikkje berre idylliserande. Både borgarleg dobbelmoral, religiøs fanatisme og kvinneundertrykking er tema i bøkene hans.

☞ Vilhelm Krag skreiv både lyrikk, drama, romanar og noveller, 43 bøker i



Vilhelm Krag (i midten) med vener ved huset sitt i Ny Hellesund



«En smeigedag» frå boka *Denne taalmodigheda* og andre betraktningar av Vilhelm Krag

alt. I tillegg til å skrive skjønnlitteratur arbeidde han både som teaterinstruktør, teatersjef og forlagskonsulent, og han var ein aktiv samfunnsdebattant.

Digte (1891)

☛ Vilhelm Krag debuterte med samlinga *Digte* berre nokre månader etter suksessen med opplesinga i Studentersamfundet. Han fekk strålende kritikkar og skryt i avisene for sin nyskapande poesi, og han vart omtalt som ein komande stor diktar.

☛ Den første teksten i samlinga er nettopp «Fandango». Diktet var ikkje berre ein frisk pust etter ein lang periode med samfunnskritisk prosa. Det bar også preg av nye impulsar frå europeisk litteratur og kulturliv, ein utradisjonell bruk av musikalske verkemiddel som klangar, rim og rytme. I tillegg kjem ei interesse for eksotiske stader og miljø, ei livskjensle som skifter mellom overstrøymande livsglede og djup melankoli, fortviling og sorg. Desse draga kan vi finne att i mykje av den nyromantiske diktinga i 1890-åra.



Ikke janischarmusik.

Stille, I marschtunge rytmer!

Stille, for fan, musikanter!



*Tscherkesserinderne, tsoherkesserinderne,
lad dem blot komme!*

*Ind skal dei danse paa spæde smaa fødder
til dæmpet musik*

fra fjerne guitarer!

*Surrende, kurrrende, kjælende toner,
smilende, hvilende, hviskende toner,
sanselig søde:*

Fandango!

Inspirasjon utanfrå – det eksotiske og framande



☞ Eit typisk nyromantisk trekk ved «Fandango» er fascinasjonen for det fjerne og eksotiske, for stader og kulturar som dei fleste knapt hadde høyrte om. Vi finn mange slike eksotiske element i diktet: Her spelar dei *janitsjarmusikk* og dansar *fandango* – det eine tyrkisk militærmusikk, det andre ein spansk folkedans. Vi møter også dansarinner frå Tsjerkessia, eit lite avsidesliggjande land i Kaukasus.

☞ Eg-personen i «Fandango» liknar ein sultan eller herskar i eit fjernt land. Han kan befale at musikantar skal spele, og at

kvinner skal danse for han når han ønskjer det. Han kan nyte all verdas gleder og opplevingar. Men det finst ein ting han ikkje rår med, og det er døden. Vissa om at han òg må døy, verkar lammande på han, og det einaste botemidlet han kjenner til, er å be musikantane spele høg, taktfast janitsjarmusikk for å overdøye dei skremmande tankane.

☞ Personen som minner eg-personen om døden, heiter Zerlina. Namnet kling framandarta og uvanleg i seg sjølv, men er nok også valt heilt bevisst. Zerlina er nemleg namnet på ei bondejente i Mozarts opera «Don Giovanni». Don Giovanni prøver å forføre henne, enda ho er trulova med ein annan. Han er berre oppteken av si eiga nyting, tek ikkje omsyn til andre og endar derfor i helvete. Både Don Giovanni og eg-personen i diktet kastar seg ut i uhemma sanseleg nyting for å sleppe å ta stilling til eksistensielle og vonde spørsmål.

Inspirasjon utanfrå – dekadansediktarane

☛ Med «Fandango» hadde Krag fanga inn straumane i tida. Han var nemleg slett ikkje den einaste diktaren i samtida som skreiv om korleis alt vent og levande ber i seg kimen til sin eigen undergang. Dei såkalla dekadansediktarane dyrka det eksotiske, sanslege og vakre, samstundes som dei var opptekne av forfallet og det heslege.



☛ Ordet *dekadanse* tyder forfall, nedgang, særleg i kulturell forstand. Tida rett før og etter 1900 opplevde mange som slutfasen av ein kulturell periode. Ein

kunne sjå at ei ny tid var i emning, men samfunnsendringane gjorde menneska utrygge. I Frankrike brukte dei omgrepet «fin de siècle», det vil seie slutten på hundreåret, om den melankolske og urolige stemninga som følgde med denne overgangsfasen. «Fin de siècle»-stemninga prega verka til mange forfattarar og kunstnarar i Europa.



Inspirasjon utanfrå – symbolismen

☞ Krag og dei andre nyromantiske diktarane henta også inspirasjon frå symbolismen, ei litterær retning som voks fram i Frankrike og Belgia i andre halvdel av 1800-talet. Symbolistane ville ikkje at kunsten skulle vere realistisk eller samfunnskritisk. Dei ønskte ein kunst som uttrykte idear og kjensler, men på ein indirekte måte. Motivet i eit måleri eller eit dikt skulle ha symbolsk (overført) innhald og stå for noko anna og meir enn seg sjølv.



☞ Diktet «Der skreg en fugl», som også er henta frå debutsamlinga til Krag, kan seiast å vere eit godt eksempel i så måte. Det skildrar ein kort augneblink, nokre få sanseintrykk, som formidlar ein sinnstilstand av djup melankoli:

Der skreg en fugl

*Der skreg en fugl over øde hav,
langt fra lande.*

*Den skreg saa saart i den høstgraa dag,
flaksed i brudte, avmægtige slag,
seiled på sorte vinger
bortover hav*

.

☞ Dei symbolistiske lyrikarane la stor vekt på musikalske verkemiddel som klangar, rim og rytme, men dei brukte ikkje nødvendigvis faste rimmønster. Den ytre forma skulle saman med orda skape meining i teksten. Både i «Fandango» og «Der skreg en fugl» viser Krag kor dyktig

han er til å utnytte form, klang og rytme slik at dei både utdjupar og forsterkar det som blir sagt med ord.



Sørlandsforfatteren Krag

☛ Etter at Krag hadde budd fleire år i hovudstaden og i København, søkte han etter kvart meir mot det heimlege i skrivinga si, og det var landsdelen, naturen og folket som no var motiv for diktinga. Personane han teikna, levde i harmoni både med seg sjølve og med naturen dei var omgitt av.

☛ Krag skaper ei førestelling om Sørlandet som ein eigen landsdel, og han prøver å gi folket som bur der, ein identitet. I ein artikkel i Morgenbladet frå 1902 foreslår han å kalle landsdelen med kyststripe frå Risør til Flekkefjord for Sørlandet. Forslaget fekk raskt gjennomslag.

*O Sørland, du min moderjord,
jeg synger ei med stolte ord
din ære og din heder.
Du havgrå land, jeg kalder mit,
hos dig gror græsset hårdt og stridt,
og skodden lav sig breder.
Den bæk, som rinder over hei,
den brød sig fra dit hjerte vei,
og derfor stilt den græder.*



Heimstaddikting

☞ Nyromantikken skapte også ei interesse for *heimstaddikting*. Mange menneske opplevde urbaniseringa og moderniseringa av samfunnet som eit trugsmål mot det bygdenorske, og heimstaddiktinga utgjorde ei motvekt mot den nye og til dels skremmande utviklinga. Heimstaddiktarane skreiv varmt om heimemiljøet. Slik dei såg det, levde menneska det gode livet der dei hadde sine røter og sitt opphav.

☞ Vilhelm Krag sat i Kristiania og skreiv om Sørlandet, og han lengta heim. I 1917 skaffa vennene han bustaden Havbukta i Ny-Hellesund. Plassen var eit gammalt fiskebruk og bustad for losen. For dikteren vart Ny-Hellesund og Havbukta ein fristad og ein inspirasjon til å skrive.

☞ I samlinga *Sange fra min ø* (1918) gir Krag uttrykk for kor takksam han er for å kunne kome heim og vere hos sine egne:

*Fattig fant var jeg.
Omvankende på jorden.
Ikke en stein eied jeg,
Hvortil jeg kunde helde mitt hoved
når jeg blev træt af at vandre.*

☞ Vennene kallar plassen ein fattigmannsplass på «ein gråstein i sjøen», men dikteren seier:

*Kjære venner, I tok feil!
I tok vidunderlig feil!
Mange dager og netter
kunne jeg sitte og fortelle,
hvor vidunderlig I tok feil.*



Vilhelm Krag:
«Fra de lave stuer»

Sange fra min ø

☛ Diktsamlinga *Sange fra min ø* vart trykt i 4000 eksemplar. Talet seier noko om at Vilhelm Krag hadde klart å treffe publikum. Det kjende måleriet til Amaldus Nielsen, «Morgen i Ny-Hellesund», pryda boka – som dikteren dediserte til «dem som skjænkede mig øen». Seinare kom komponisten Johan Halvorsen på besøk til Ny-Hellesund og tonesette mange av dikta. «Øen» er også eit erkjenningsdikt der Vilhelm Krag gjer opp status for livet sitt:



«Morgen i Ny Hellesund» av Amaldus Nielsen

*Hvor ble livet av?
Jeg husker det ikke mere.
År gikk forbi
lik hellige marer.
Jeg vil ikke minnes dem.*

*En dag våknet jeg av maren.
Jeg var ikke ung mer,
og ikke glad mer.
Det tyktes meg
som jeg alltid tapte kampen
og alltid ble stående ene,
hver gang jeg tapte.*

*Men jo ensommere jeg ble,
desto mer elsket jeg,
og hvergang jeg tapte
ble min kjærighet større
om enn mere meningsløs.*

Thi slik er kjærlighet.



